

# **Inntaksreglement for Kvitsund Gymnas AS**

Kvitsund Gymnas er ein friskule med godkjenning etter Lov om frittståande skolar (friskolelova) Inntaksreglementet har difor utgangspunkt i det friskolelova seier om inntak av elevar jf. friskolelova § 3-1.

## **1. Generelt om inntak**

Som friskole har Kvitsund Gymnas heile landet som inntaksområde. Skulen er open for alle søkerar som fyller vilkåra og krava for inntak i tilsvarende offentlege skular (jf. Friskolelova § 3-1 første ledd) og som har rett til vidaregåande opplæring etter Opplæringslova § 3-1.

## **2. Søknad**

### **a) Søknadsskjema**

Søknaden skal skrivast på skulen sitt eige søknadsskjema og sendast skulen. Vitnemål/karakterutskrifter o.l. som skal leggjast til grunn ved inntaket, skal ligge vedlagt eller bli ettersendt før 1.mars. Det går også an å søkje online på [www.kvitsund.vgs.no](http://www.kvitsund.vgs.no).

### **b) Søknadsfrist**

Søknadsfrist for å vere med i det ordinære førsteinntaket er 1. mars. Etter denne fristen handsamar skulen søkerar fortløpende dersom det er ledige plassar. Nødvendig dokumentasjon må følgje med søkeren.

### **c) Delkuselev**

Søkerar blir tekne opp som delkuselever dersom dei har nødvendig fagleg grunnlag, har ungdomsrett og dersom det er plass på kurset.

### **d) Dokumentasjon**

Søkerar til VG1:

Søkeren må dokumentere gjennomgått 10-årig grunnskule eller tilsvarende. Opptak skjer på grunnlag av karakterar frå 1. halvår. Kopi av vitnemål skal ettersendast.

Søkerar til VG2 og VG3:

Søkeren må leggje fram kompetansebevis/stadfesting på at nødvendige programområde er fullført i samsvar med læreplanane. Inntaket blir gjort på grunnlag av karakterane i 1. halvår. Skulen tek etterhald om at den endelige karakterutskrift/kompetansebevis viser bestått og fullført.

### **3. Prioritering av søkerar ved eventuell oversøking**

Dersom skulen har fleire søkerar enn det skulen har kapasitet til å ta inn, vil følgjande prioritering bli lagt til grunn for inntaket:

**a) *Inntak med fortrinn***

Elevar som har sakkyndig vurdering frå PPT med konklusjon om rett til eit særskild utdanningsprogram, blir prioriterte før andre søkerar. Ein føresetnad er at søkeren har fullført og bestått på nivået under det ein søker på.

**b) *Born med foreldre i aktiv utanlandsteneste for NLM***

Søkerar som har foreldre i aktiv utanlandsteneste for NLM i det skuleåret det blir søkt for, blir prioriterte før andre søkerar. Ein føresetnad for dette er at søkeren har fullført og bestått på nivået under det ein søker på.

**c) *Søkerar frå Kviteeid kommune***

Søkerar som er folkeregistrert i Kviteeid kommune per 1. mars i det skuleåret det blir søkt for, blir prioriterte før andre søkerar. Ein føresetnad for dette er at søkeren har fullført og bestått på nivået under det ein søker på.

**d) *Elevar som går eller har gått på Kvitsund Gymnas***

Ved inntak til VG2 og VG3 blir eigne elevar som søker seg vidare til påfølgjande kurs/programområde prioriterte før eksterne søkerar dersom dei har bestått og fullført på nivået under det dei søker på.

**e) *Karakterar og poengutrekning (gjeld alle trinn)***

Utanom punkt 3a og 3b, blir søkerane ved oversøking prioritert ut frå karakterpoeng frå siste aktuelle karakterdokument jf. "Dokumentasjon" (pkt. 2d) ovanfor.

Karakterpoeng blir rekna ut ved at det vert rekna eit gjennomsnitt av tallkarakterane frå grunnskolen (1. halvår 10. trinn og avslutta fag 9. trinn) multiplisert med 10.

Søkerar utan tallkarakterar eller utan samanliknbart karaktergrunnlag, handsamast etter prinsippa i Forskrift til opplæringslova §6-24.

### **4. Unnatak frå prioriteringsrekjkjefylgia**

- a) Søkerar som sist skuleår hadde betalingsanmerkninger på skulepenger, eller hadde eit så stort udokumentert fråver at det førte til bortfall av statstilskot blir tekne inn dersom det er plass på kurset (etter eksterne søkerar)
- b) Inntil tre elevar på Vg1 får løfte om inntak på Vg3 i samband med utdanning i utlandet på andreåret. Kven som får løfte blir prioritert ut i frå karakterpoeng ved 1. halvår i Vg1 etter søknad før 10. februar i Vg1, og deretter fortløpende. Løfte om inntak på Vg3 blir gitt under føresetnad av at utdanninga i utlandet kan godkjennast som Vg2 etter reglane i Forskrift til friskolelova §5a-3

## **5. Klageinstans**

Vedtak om inntak eller avslag er å rekne som einskildvedtak etter Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 2 og kap VI. Søkjar kan klage på vedtaket til Fylkesmannen i Telemark. Klage skal sendast via skulen, og klagefrist er tre veker.

*Vedteke i styret for Kvitsund Gymnas AS 18. November 2015*